

VIKKE KOMMUNE Arkivtjeneste	
Arssaknr. 03/2558	Kopier
17 FEB. 2005	
Ark.kode P 89/1	Ark.kode S
Løpenr. 1828/05	Dok.nr.
Saksh.	Saknr. 0104
Kassernr.	Tradenng.

# Driftsplan

## massetak / steinbrot

Edland gnr 89 bnr.1

Kont nr. 15/2-05 Btt

# Driftsplan massetak / steinbrot Finland

Del av gnr. 89 bnr.1

Omfang	s.	1
Drift	s.	2
Driftstid	s.	3
Radoninnhald	s.	3
Istandhalding under drift	s.	3
Istansetting etter uttak	s.	3
Kart avgrensing	s.	4
Profilar	s.	5

## **Driftsplan massetak / steinbrot**

Finland  
Del av gnr.89 bnr.1

Uttak skal skje etter godkjend reguleringsplan

Vinje Entreprenørservise, postboks 33, 3832, Lunde,  
er ansvarleg for den daglege drifta.

Steinbrotet er ca. 90 da.(50 da. + 40 da. utviding -04)  
Området er skrinn skogsmark, morene og mykje fjell i dagen.  
Det er tenkt å taka ut inntil 30000 m<sup>3</sup> masse pr. år,  
denne kan sorterast og evt. lagra inne på området.  
Steinen skal brukast til pukkk , fyllmasse, o.l.  
Avdekkingsmasse , jord og anna masse skal lagrast inne på området

Massetaket er dela i soner A , B , C , D og E.

Det skal til kvar tid liggje føre ajurført organisasjonsplan ( som visar kva person som har utførande ansvar for dei ulike oppgaver i brotet)

Kopi av HMS perm ( Helse ,miljø, sikkerhetsplan) skal vera tilgjengeleg i brotet, ( kan oppbevarast i kvilebrakke i brotet)

Uttak skal taka til sør i feltet og etappevis nordover.  
Det kan takast ut masse ned til kote 545.sør i feltet, til kote 555 heilt nord i feltet  
Ein må taka vare på jord og avdekkingsmasse, for å bruk det til vekstdekke ,når ein reetablerar vekst i det feltet, som er ferdig uttekje.

Uttaket skal vera avslutta innan år 2015.

## **Drift**

**Felt A** her skal drifta avsluttast.

Dei brattaste skråningar slakkast og skal jamnast til og dekkast med jord der det er naturleg. Dette må skje i dialog med naboar og VTK som har høspent kraftlinje i området.

**Felt B** kan nyttast til produksjon og lager av masse og utstyr og til transportabel kvilebu. Skrot må ikkje plasserast i massetaket.

**Felt C** Inneheld voll ( støyskjerm) avskjeringsgrøfter og slamlagune .

**Felt D** Uttak av morenegrus startar i sør (mrk. pil) i dette området er det rel. tykt lag med morene / lausmasse

**Felt E** uttak av stein startar i sør (mrk. pil)

Ein tek ut masa i pallar nedover 10 – 12 m. h. frå toppen. Skråning pussast før ein går på neste pall.

Det kan brukast transportabelt knuse/sorterings og lasteutstyr og borutstyr.

Sortert stein/ pukk kan lagrast på den del av massetaket som til kvar tid er ope.

Skrotstein kan lagrast og deponerast innan området

Inngangen til massetaket bør stengast med bom.

Området må sikrast med varselskilt evt. gjerde der det er nødvendig.

Nødvendige tiltak for å unngå skade på person, eigedom eller trafikk må settast i verk.

Ein må sikre at det ikkje vert avrenning av ureining/slam til vassdrag.

Liten bekk gjennom området må haldast open og ein må sjå til at bekkeløpet ikkje vert ureina.

Vatningsdyser om naudsynt, for å unngå støvflukt under produksjon og lagring.

Overflateavrenning skal avgrensast med avskjerande grønne rundt brotområdet

Jord og avdekkingsmasse må takast vare på og brukast til å dekke over den delen av massetaket der det er naturleg.

Etter bruk skal området planerast, tilplantast og utformast på ein terrengmessig god måte.

Skråningar i lausmasse må ikkje ha meir enn 45% stigning. I fjell ikkje meir enn 65 %

### **Driftstid**

Det skal ikke vera drift mellom kl 18.00 kveld og 06.00 morgon mandag til fredag ,  
ikkje i helgene og på heilagdaggar  
Ikkje drift frå 15 juni til 15 aug.

### **Radoninnhald**

Om steinen skal brukast inne i hus bør ein gjera radonmåling og verdien av radium –  
226 skal ikke vera over 300 Bp/kg.  
Målinga bør skje av masse inne i fjellet,(ikkje teke i overflata)

### **Istandsetting under drift**

Massetaket skal til kvar tid haldast ryddig og det må ikkje lagrast spesialavfall på  
området. (olje, sprengstoff ,e.l.)

Skrotmasse kan deponerast i området. Den bør då jamnast ut ,helst mot stuffen,  
og då dekkast over med vekstdekke og tilplantast det det er naturleg

**Felt A** Drifta her skal avsluttast og området jamnast og settast i stand innan utgangen  
av år 2005.

### **Istandsetting etter uttak**

Når felta er teke ut, skal feltet jamnast ut og dekkast med jord der det er naturleg,  
utformast og tilplantas i samråd med landbruksetaten i kommunen.

Etter istandsetting skal ikkje skråningar i lausmasse ha meir enn 45 % ( ca 25 grader)  
stigning, i fjellskråning ikkje meir enn 65 grader stigning.

planen er godkjendt av kommunen/Bergvesenet dato ? ?

